

SPØR HO RAKEL!



Nynorsk

PÅ 1-2-3

MANUS: Ingrid Slettevoll og Arild Torvund Olsen
TEIKNINGAR: Kristoffer S. Mathisen

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SKRIFTTYPAR: Comic strip (Phil Elliott), Auto, Bello og Dolly


© 2011–2025 Nynorsksenteret. Sidene kan skrivast ut gratis til bruk i skulen til undervisningsføremål.
Publisering på andre vevstader eller i andre medium er ikkje lov utan løyve frå Nynorsksenteret.

VERB




A-VERB:
Å KASTE - KASTAR - KASTA - HAR KASTA

E-VERB:
Å BALANSERE - BALANSERER - BALANSERTE - HAR BALANSERT




SUBSTANTIV



RETT ORD TIL RETT TID



DE ELLER DYKK?




DE ER FLEIRTALSFORM AV DU.
DYKK ER FLEIRTALSFORM AV DEG.
DET ER OGSÅ MOGLEG Å VELJE
FLEIRTALSFORMA DOKKER I
STADEN FOR DE OG DYKK.

EINTAL: NO KAN DU KOSE DEG.
FLEIRTAL: NO KAN DE KOSE DYKK.
ELLER: NO KAN DOKKER KOSE DOKKER.



NOKON
ELLER
NOKRE?



FLEIRTALSFORMA NOKON NYTTAR DU
VED SPØRSMÅL OG NEKTING. I ANDRE
SAMANHENGAR KAN DU NYTTE
FLEIRTALSFORMA NOKRE.

HAR DU NOKON FLEIRE
SPØRSMÅL?
EG HAR NOKRE GODE
SVAR.



GONG ELLER GANG?



GONG HANDLAR OM TID ELLER
OPPATT-TAKING. GANG HANDLAR
OM RØRSLE.


DØME: DETTE ER
SISTE GONGEN VI
SET I GANG MED
GONGETABELLEN.



STERKE VERB: LESE OG SKRIVE



HAR SKRIVE VS. SKREVET



Å LESE - LES - LAS - HAR LESE


VERB



Å gje – gjev – gav – har gjeve
(eller å gi – gir – gav – har gitt)

GJEV VS. GJER

Å gjere – gjer – gjorde – har gjort




STERKT VERB: å male – mel – mol – har male (å kverne eller å lage godlydar)


E-VERB: å måle – måler – målte – har målt (å finne storleiken på noko)

A-VERB: å måle – målar – måla – har måla (å dekkje med måling eller å lage bilete med måling)

VERB



SPILLE VS. SPELE




Å brenne – brenn – brann – har brunne
(Å vere i brann)

PARVERB*


Å brenne – brenner – brende – har brent
(Å utsetje noko for eld eller sterk varme)

* Det finst fleire slike parverb, til dømes hengje/henge. Parverba er slik at det svake verbet tek objekt («eg hengjer opp jakka»), medan det sterke ikkje gjer det («jakka heng på knaggen»).


LETT SAMANBLANDING




GALE VS. GALT



DOBBELKONSONANT



DOBBELKONSONANT ETTER KORT VOKAL: I «hyller» er y-en kort. I «hyler» er y-en lang («hyyyler»). Etter ein kort vokal får vi som regel dobbelkonsonant, slik som i «hyller», «å lesse» og «å sleppe».



KONSONANTFORENKLING: Vanlegvis er det slik at når ein dobbelkonsonant får endå ein konsonant etter seg på grunn av bøying, vert den eine av dei to like konsonantane teken bort. Til dømes heiter det å lesse – leste og å kneppe – knepte.

Men nokre verb fylgjer ikkje denne regelen, av di det kunne føre til samanblanding med andre verb. Preteritumsforma av «å sleppe» er difor «sleppte» (for å unngå samanblanding med «slepte»). Andre unntak frå regelen om konsonantforenkling er verba «kvesse», «søkkje», «tynne» og «unne» og adjektiva «full» og «viss».

SUBSTANTIV



Eit minne – fleire minne


MINNE VS. MINNER

Å minne – minner




BODSKAP VS. BUSKAP

EITT ELLER TO ORD?



ALT FOR VS. ALTFOR



LETT SAMANBLANDING



REGNE VS. REKNE



VISKE VS. KVISKRE

LETT SAMANBLANDING



REIV I KLEDA TIL BESTEMOR.




REV I KLEDA TIL BESTEMOR.

REIV VS. REV




HØY OG LAV VS. HØG OG LÅG

GRAMMATISK SMÅKNASK



EIGEDOMSORD: Sin/sitt/sine viser til subjektet i setninga eller leddsetninga det står i. Hans/hennar/deira viser til andre ledd. I leddsetninga «at Torkel åt maten sin» er Torkel subjekt. Dermed peikar sin på Torkel.



MED KOMMA VS. UTAN KOMMA

E-VERB



E-VERB: «å følge», «å hjelpe» og «å leve» er vanlege e-verb, ikkje sterke verb.

Notidsformene vert difor «følgjer» (ikkje «føl»), «hjelper» (ikkje «hjelp») og «lever» (ikkje «lev»).

